

Nammenemnda

Nammenemnda - Referat frå møter den 12.03.2015 og 17.03.2015 - HØYRINGSRUNDE 1

Møtenummer: 1 og 2/15	Møtedato: 12.03.2015 og 17.03.2015
Deltakarar: Kjell Mange Hillestad Aage Engesæter Endre Distad Eirik Røysi Jon Erlend Hougsrud	Ref. sendt til: Møtedeltakarane Varamedlemene Rådmannen

Nammenemnda hadde møte den 12.03.2015 kl 18.00 for å vurdere innspel til namnenemnda sine framlegg til 73 nye vegnamn i Sogndal som har vore utlagt til høyring med høyringsfrist 20.12.2014.

For 38 av namneforslaga har namnenemnda ikkje motteke kommentarar til frå nokon av høyringsinstansane. Desse framlegga reknar namnenemnda som endelege.

I høyringsprosessen har Stadnamntenesta på Vestlandet kommentert i alt 23 av namneforslaga. Frå berørte brukarar har ein motteke i 39 ulike innspel underteikna av i alt 118 personar/lag/organisasjonar som vedkjem 20 av vegnamnforslaga namnenemnda la ut for høyring. Av dei kommenterte vegnamna er det 8 namn som er kommenterte både av Stadnamntenesta og brukarane.

Arbeidsomfanget med å vurdere innspela medførte at namnenemnda ikkje rakk å handsama alle innspela møtet den 12.03.2015 og måtte såleis halde eit nytt møte den 17.03.2015, der resten av innspela vart handsama.

For namnenemnda si handsaming av innspela frå høyringsrunden har ein prøvd å samle kommentarane som vedkjem same område etter kvarandre og nummerert kommentarane fortløpande. Brevet frå Stadnamntenesta er oppsett som kommentar nr 1 og deretter fylgjer kommentarane brå brukarane.

INNSPEL NR 1:

Frå: Stadnamntenesta på Vestlandet

Gatekode/namneforslag:

13700 KVÅLE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrådeleg vegnamnform om vegen er hovudveg på garden .

Nammenemnda sin kommentar:

Nammenemnda held fast på sitt framlegg.

Gatekode/namneforslag:

13690 STEMMEHAUGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Det finst fleire namn med føreleddet Stemme t.d. Stemmebakken, Stemmedalen, Stemmemyri, Stemmekjelda og Stemmehaugen. Meinar Stemmebakken kan nyttast på vegparsellen.

Namnenemnda sin kommentar:

Stemmebakken fører opp til Stemmehaugen der dei fleste husa ligg. Stemmebakken går frå foten av Stemmehaugen og høyrer dermed til haugen. Stemmehaugen er opprinneleg ein gamal gravhaug som har gjeve namnet til området. Namnenemnda held fast på sitt framlegg om Stemmehaugen.

Gatekode/namneforslag:

13660 STENEHJEMSVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Namnet er i SSR oppført med 3 skrivemåtar, Stenageim, Stenajeim og Stenehjem. Den fyrste forma er godkjend og tilrådd, dei to siste har status som godkjend og ikkje tilrådd.

Tilrår primært Stenageimsvegen og kan evt godkjenne Stenajeimsvegen. Stadnamntenesta meiner at Stenageimsvegen alternativt kan namnast etter garden Bjella.

Namnenemnda sin kommentar:

Stenehjem er skrivemåten for namnet som er og blir brukt i daglegtale. Familiar som nyttar eller har namnet som etternamn i dag skriv Stenehjem. Stenajeimsvegen er framandgjerande i høve til den daglege bruken av namnet. Det er i høyringsrunden heller ikkje komme innspel får brukarane i området på namnenemnda sitt framlegg. Namnenemnda held difor fast på sitt framlegg om STENEHJEMSVEGEN, som og er skrivemåten for gardsmanet i dei siste bygdebøkene.

Gatekode/namneforslag:

13650 FLATANE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår at namnet vert Flatavegen, då fylkesarkivet i dette området frå før har registrert namnet Flatakjelda

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda finn at Flatavegen er eit betre dekkande namn for heile vegstrekninga og tilrår at forslaget til vegnamn vert endra til FLATAVEGEN

Gatekode/namneforslag:

13620 HAUSAVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår at vegen får namn etter garden Eggja med skrivemåte Eggjavegen.

Namnenemnda sin kommentar:

Jfr kommunal adresseforskrift §7.8 skal kommunen unngå å nytte same vegnamn som er i bruk i nabokommunar som er i same utrykningsområde. Eggjavegen er brukt i Leikanger kommune som har felles brann, politi og ambulanseteneste med Sogndal. Mistydingar i ein stressa situasjon for utrykningspersonell kan her fort få fatale fylger. Etter innspel frå brukarar høyringsrunden endrar namnenemnda her sitt framlegg til vegnamn på parsellen 13620 til EGGJAGRENDI.

Gatekode/namneforslag:

13540 FRETLANDSVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår Stavateigvegen etter namnet på garden vegen endar.

Namnenemnda sin kommentar:

Vegen har sidan han vart bygd hatt nemninga Fretlandsvegen. Namnet er innarbeidd

og allment i bruk som namet på vegen til gardane på Fretland. Det er ikkje i høyringsrunden kome kome kommentarat frå brukarane på namnenemnda sitt framlegg. Namnenemnda held difor fast på sitt framlegg FRETLANDSVEGEN

Gatekode/namneforslag:

13520 KRIKEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Gjer framlegg om Tuftavegen ettersom vegen har endepunkt på garden Tuftene.

Namnenemnda sin kommentar:

Kriken er allment nytta og dekkande namn på heile området. Det har i høyringsrunden ikkje komme kommentarar til framlegget frå namnenemnda. Namnenemnda held difor fast på sitt framlegg på parsell 13520 KRIKEN.

Gatekode/namneforslag:

13490 LANGAVEDLENE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Retteskrivingsform er Langavellene jfr §4 i Lov om stadnamn.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda endrar sitt framlegg på vegnamn på parsell 13490 til LANGAVELLENE.

Gatekode/namneforslag:

13480 HØLJARVOLLEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Hyljarvollen er einaste og godkjende skriveform i SSR. Tiltrår Hyljarvollen.

Namnenemnda sin kommentar:

Høljarvollen allment brukt. Beskriv hølane i eit flatt parti av Sogndalselva. Namnenemnda held fast på sitt framlegg om HØLJARVOLLEN.

Gatekode/namneforslag:

13370 HODLEKVEVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Hollekve er einaste godkjende skriveform i SSR. Tiltrår Hollekvevegen.

Namnenemnda sin kommentar:

Hodlekvevegen er allment brukt på vegen og eit innarbeidd namn blant innbyggjarane i tilknytning til Hodlekve skisenter. Namnet er nærast å rekne som ei merkevare for Sogndal. Namnenemnda held fast på sitt framlegg om HODLEKVEVEGEN.

Gatekode/namneforslag:

13380 OLAHAGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tyldehagen og Hagane er registrerte namn i dette området. Tiltrår Hagane.

Namnenemnda sin kommentar:

Hagane er nytta i fleire kommunar i Indre Sogn, m.a. nabokommunen Leikanger, som ligg i same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse som Sogndal. Tyldehagen kan lett mistolkast å ha med

garden Tylden å giera som ligg ein annan plass i kommunen (Adr.forskr §7.2). Ut frå at det i si tid var 5 generasjonar av eigarar på den aktuelle garden der alle hadde namnet Ola, gjorde namnenemnda framlegg om Olahagen. Ola (f 1827) flytta frå Tylden til Hollekve, og det var bakgrunnen for at eigedomer også vart kalla Tyldehagen. Namnenemnda held såleis fast på sitt framlegg om OLAHAGEN.

Gatekode/namneforslag:

13330 STOREBØEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Gjer framlegg om vegnamnet Storebøvegen.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda finn at namnet Storebøvegen er meir dekkande for heile området og endrar sitt framlegg til namn på vegparsellen 13330 STOREBØVEGEN.

Gatekode/namneforslag:

13230 VATNASETE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår Vatnasetevegen då parsellen ikkje ligg berre på Vatnasete.

Namnenemnda sin kommentar:

Garden Gunnvordalen ligg på sørsida av Gunnvordalselva, har sin tilkomst frå Fjærlandsvegen og får vegadresse dit. Området på nordsida av Frudalselva tilhøyrer bruk på Kvåle, Loftesnes og Vatnasete er fellesnemning for området. Det er ikkje kome merknader frå brukarane i området til namnenemnda sit framlegg. Namnenemnda held difor fast på sitt framlegg om VATNASETE.

Gatekode/namneforslag:

13010 STØLAHOLMEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår Holmahaugvegen eller Stølavikvegen som er endepunkta for dei to vegarmane i enden av vegen. Meinar berre ein mindre del av vegparsellen ligg på Stølaholmen.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda oppfattar at Stølaholmen er nytta som fellesnamn på busetnaden nordaust for Holmahaugtunellen. Namnenemnda held difor fast på sitt opprinneleg framlegg på parsellen 13010 STØLAHOLMEN.

Gatekode/namneforslag:

13040 VÅTEVIKSVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Gardsnamnet VÅTVIK vart vedteke skrivemåte for i 1995. Tilrår Våtviksvegen.

Namnenemnda sin kommentar:

I tillegg til innspel frå Stadnamntenesta har innspel frå brukarane i området også påpeika skrivemåten Våtvik.

Namnenemnda endrar sitt framlegg til namn på adresseparsell 13040 til VÅTVIKSVEGEN.

Gatekode/namneforslag:

13080 FRUHIDLAREN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Fruhilleren og Fruhiller er tidlegare registrerte i SSR. Tilrådd endra til Fruhilleren.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda følger tilrådinga frå stadnamntenesta og endrar sitt framlegg namn på gatekode 13080 til FRUHILLEREN.

Gatekode/namneforslag:
13070 FJORDVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår Fjærlandsfjordvegen

Namnenemnda sin kommentar:

Fjærlandsfjordvegen vart vurdert av namnenemnda, men forkasta som for langt og tungt i bruk. Fjordvegen skulle vere i lettare utgåve, men er noko anonymiserande. Ettersom adresseparsellen heile vegen følger Fjærlandsfjorden, går namnenemnda inn for å endre framlegget sitt namn på adresseparsellen 13070 til FJÆRLANDSFJORDEN

Gatekode/namneforslag:
4900 ÅBERGEVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Namnet vert tilrådd skrive Åbergsvegen i tråd med gamle stadnamntradisjonar i bygda.

Namnenemnda sin kommentar:

Den aktuelle parselle har hatt namnet sidan gatedresser vart innført i Sogndal sentrum på 1970-talet. Endringa no inneber berre utviding av den eksisterande adresseparsellen, ikkje endring av namnet.

Gatekode/namneforslag:
14090 HOVDANE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Tilrår Hovdavegen eller Ølnesstølsvegen.

Namnenemnda sin kommentar:

Hovdavegene er i bruk i Leikanger kommune, same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse som Sogndal. Namnenemnda held difor fast på si tilråding HOVDANE.

Gatekode/namneforslag:
15200 VESTREIM

Stadnamntenesta sin kommentar:

Det er fleire vegar på garden. Tilrår at Vestreimsvegen vert nytta.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda finn tilrådinga frå stadnamntenesta klargjerande og tilrår at namneframlegget på parsell 15200 vert endra til VESTREIMSVEGEN.

Gatekode/namneforslag:
15190 FESTINGDALSVEGEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Skrivemåten ser ut til å vere ei tilrådeleg namneform.

Namnenemnda sin kommentar:

Namnenemnda held fast på sitt framlegg.

Gatekode/namneforslag:
10600 AMLA NEDRE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Må endrast til Nedre Amla

Namnenemnda sin kommentar:

Tidlegare vedteke namn som er i bruk. Endringa gjeld kun utviding av adresseparsellen.

Gatekode/namneforslag:

16070 GJERDEBAKKEN

Stadnamntenesta sin kommentar:

Gjer framlegg om Johansgardvegen ut frå at Johansgarden ligg i enden av vegen.

Namnenemnda sin kommentar:

Plasseringa av stadnamnet Johansgarden er avmerka feil i stadnamnkartet. Garden ligg vesentleg nærare riksvegen. Elles har innspel i samband med høyringsrunden gjeve opplysningar om at Stølsvegen er eit allment brukt namn på denne vegparsellen attende til jordskifte halden i 1924-26. Namnenemnda endrar difor sitt namneframlegg på parsellen 16070 til STØLSVEGEN.

Gatekode/namneforslag:

16060 VINDHAUG

Stadnamntenesta sin kommentar:

Framlegg: Vindhaugvegen

Namnenemnda sin kommentar:

Det er innkome opplysningar om at jordskiftesak halden i 1924-26 namnsette vegen til Skårsvegen, og at dette namnet har vore i bruk på vegen blant brukarane sidan. Namnenemnda endrar difor sitt framlegg til namn på adresseparsellen 16060 til SKÅRSVEGEN.

Gatekode/namneforslag:

16040 INDRE SLINDE

Stadnamntenesta sin kommentar:

Indre Slinda eller Slindavegen/Indre Slindavegen vert tilrådd nytta. Indre Slinde er godkjend form, men ikkje tilrådd.

Namnenemnda sin kommentar:

Det er innkome opplysningar om vegstatus i området som gjer at adressemyndigheita har endra/teke bort del av den opprinneleg parsellen av 16040. Parsellen ligg i delet mellom Indre og Ytre Slinde, men sidan det ikkje er nokon parsell som heiter Ytre Slinde endrar namnenemnda namneframlegget til Slinde. Namnenemnda registrerer stadnamntenesta si tilråding om bruk av Slinda, men held fast på at Slinde er allment brukt, Slinde er poststadnamnet, og at ingen av brukarane i området har sett fram ynskje om Slinda som skrivemåte for namnet. Namnenemnda sitt endringsframlegg for adresseparsell 16040 er SLINDE.

INNSPEL NR. 2:

Frå : Aud Jorunn Ølnes og Johannes Idsø

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: Gamlevegen. Støttar elles Kommentar nr 6A frå Karin Vikane

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Namneforslaget frå brukar er i bruk i nabokommunen Luster, som er same utrykningsområde som Sogndal for brann, politi og ambulanse. I strid med adresseforskrifta § 7.2 og 7.8 å nytte Gamlevegen.

INNPTEL NR. 3A:

Frå : Gunnar Lotsberg

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: Gamlevegen. Støttar elles Kommentar nr 6A frå Karin Vikane

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Nammenemnda sin kommentar: Namneforslaget frå brukar er i bruk i nabokommunen Luster, som er same utrykningsområde som Sogndal for brann, politi og ambulanse. I strid med adresseforskrifta § 7.2 og 7.8 å nytte Gamlevegen.

INNSPEL NR. 3B:

Frå : Dagmar Ølnes Lotsberg

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: Gamlevegen. Støttar elles Kommentar nr 6A frå Karin Vikane

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Nammenemnda sin kommentar: Namneforslaget frå brukar er i bruk i nabokommunen Luster, som er same utrykningsområde som Sogndal for brann, politi og ambulanse. I strid med adresseforskrifta § 7.2 og 7.8 å nytte Gamlevegen.

INNSPEL NR. 3C:

Frå : Dagmar Ølnes Lotsberg

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: Ynskjer å nytte gardsnamn som adresses tilleggsgnamn. Støttar elles kommentar nr 6A frå Karin Vikane

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Nammenemnda sin kommentar: Adresses tilleggsgnamn kan fyrst søkjast om etter at gateadresse er oppretta.

INNSPEL NR. 4:

Frå : Eli Helga Grimesen og Terje Stalheim

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Gamlevegen. 2. Ynskjer i tillegg å nytte gardsnamn som adresses tilleggsgnamn. 3. Alternativ kan brukarane tenkje seg at gardsnamna blir brukt som adresse for gardane innover langs «gamlevegen», dvs. adresseparsellen blir delt i ein adresseparsell for kvar gard.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Nammenemnda sin kommentar: 1. Namnet Gamlevegen er nytta tidlegare i Luster kommune, som ligg i same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse som Sogndal. Gamlevegen bør såleis ikkje nyttast jf. adressevedtekta § 7.2 og 7.8.

2. Adresses tilleggsgnamn kan fyrst søkjast om etter at adresseparsell med gateadresse er oppretta.

3. Det er adressemyndigheita som har ansvar for at adresseparsellar vert oppretta i samsvar med adresseforskrift vedteken av kommunestyret. Ein samanhengande veg skal jf. adresseforskrifta §8.1 og 2 normalt ha eitt vegnamn for heile vegstrekninga, frå der den tek av frå overordna veg. Oppdeling i adresseparsellar slik brukar føresler som alternativ 3, er i strid med adresseforskrifta.

INNSPEL NR. 5:

Frå : Inge Henning Hagen, Ingvild Hollekve, Raghild Hollekve og Anne Kristine Nysæter

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: 1: Brukarane støttar innspel nr 6A frå Karin Vikane

2. Ynskjer primært å dele adresseparsellen «gamlevegen» i ein adresseparsell for kvart gardsnamn og nummerere husa på kvar gard med gardsnamnet som adressenamn. 3. Ynskjer sekundert at adressa skal bestå av Gardsnamn+ Gamlevegen + Husnummer 4. Som eit tredje alternativ er det ynskje om at adressa kan bestå av Gardsnamn + Gamle Kaupangsvegen + husnummer.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Nammenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sine kommentarar under kommentar nr 4 ovanfor som i stor grad handlar om same problemstillingane. Det er adressemyndigheita som har ansvar for at adresseparsellar vert oppretta i samsvar med adresseforskrift vedteken av kommunestyret.

Hovedføremålet med adresseringa er at ein skal få eit einsarta og oversiktleg adressesystem for heile kommunen som gjer det lett for utanforsåande å finne fram til adressatane. Ein samanhengande veg skal jf. adresseforskrifta §8.1 og 2 normalt ha eitt vegnamn for heile vegstrekinga, frå der den tek av frå overordna veg.

Oppdeling av «gamlevegen» (som utgjer ein samanhengande veg frå Riksvegen til Vikane) i 3 ulike adresseparsellar (ein for kvar gard) slik som det primære ynskjete er her, er såleis klart i strid med adresseforskrifta.

Til ei offisiell adresse kan også eit adressetilleggsnamn høyre til. Det inneber at når ein eigedom har fått tildelt ei offisiell adresse, kan t.d. eit gardsbruk søke om å få godkjent å bruke gardsnamnet/bruksnamnet som adressetilleggsnamn i tillegg til den offisielle adressa. Søknad om adressetilleggsnamn skjer etter at offisiell adresse er oppretta.

Bruk av Gamlevegen som namn på adresseparsell 15090 let seg ikkje gjere jf. namnenemnda sin kommentar til kommentar nr 4 ovanfor.

Bruk av Gamle Kaupangsvegen som namn på adresseparsellen er fullt mogeleg. Også saman med evt. seinare adressetilleggsnamn.

INNSPEL NR 6A og 6B:

Frå : Karin Vikane

Gjeld : 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Ynskjer primært å dele adresseparsellen «gamlevegen» i ein adresseparsell for kvart gardsnamn og nummerere husa på kvar gard med gardsnamnet som adressenamn. 2. Ynskjer sekundært at adressa skal bestå av Gardsnamn+ Gamlevegen + Husnummer. Som eit tredje alternativ er det ynskje om at adressa kan bestå av Gardsnamn + Gamle Kaupangsvegen + husnummer.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sine kommentarar under kommentar nr 5.

OPPSUMMERING: **Kommentarane 2, 3A, 3B, 4, 5, 6A og 6B vedkjem alle namnenemnda sitt framlegg på adresseparsellen 15090 Gamle Kaupangsvegen. Det er kun Gamlevegen som har vore lansert som alternativt namn på adresseparsellen, og dette bør ikkje nyttast jf. adresseforskrifta §7.2 og 7.8. Andre konstruktive framlegg manglar. Namnenemnda har difor ikkje noko anna høvande framlegg til vegnamn enn det som tidlegare er gjort framlegg om. Namnenemnda held difor fast på sitt opprinneleg framlegg på parsell 15090 - GAMLE KAUPANGSVEGEN.**

INNSPEL NR. 7:

Frå : Finn Loftesnes og 34 andre oppsitjarar i området ved Loftesnes

Gjeld : 15000 MANNHELLERVEGEN, 15010 BARINGAVEGEN og 15060 LOFTESNES

Forslag frå brukar: 1. Ynskjer at heile området frå Mannhellervegen t.o.m. båthamna skal reknast som Loftesnes. 2. Meiner at vegstrekinga frå Vandanes til Saurane skal høyre til Barsnes. 3. Meiner at vegen frå Byggsenteret XL-bygg og sørover til husa som ligg på austsida av riksvegen bør heite Ytre Loftesnes.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til punkt 1: Dersom eit område ikkje har eit klart definert vegsystem, kan det tildelast områdeadresse jf. adresseforskrifta §5 3.ledd og §8.4. Både Loftesnes og Barsnes har eit klart definert vegsystem som ved adressering skal delast opp i adresseparsellar etter reglane i adressevedtekta §8.

Den føreslegne adresseparsellen for gatekode 15060 Loftesnes var i utgangspunktet lang nok og hadde tilstrekkeleg tal adresseeiningar til at han kunne eksistere som eigen adresseparsell. Adressemyndigheita har likevel på grunnlag av merknaden frå oppsitjarane på Loftesnes teke til følge merknaden om at adresseparsell 15060 vil føre til at trafikk vert leia på privat veg gjennom 3 tun der det er uråd å komme fram for større køyretøy. Adressemyndigheita har såleis vedteke å endre parsellutforminga slik at den private tilkomstvegen vert teken ut av adresseparsell 15060. Følgjen av det blir at adresseparsellen som

sideveg til vegen til Barsnes, vert kortare enn 200 m og får for få adresseiningar til å kunne eksistere som eigen parsell jf. adresseforskrifta §3 a. Adresseparsellen 15060 Loftesnes fell difor ut som eigen adresseparsell som ein følge av denne endringa.

Til punkt 2 : Adresseforskrifta §8.1 og 8.2 seier at ein samanhengande veg normalt ska ha eitt vegnamn for heile vegstrekninga frå startpunktet der vegen tek av frå anna overordna veg. Vegen til Barsnes startar i krysset med riksvegen på Loftesnes og går samanhengande utan vegkryss med sidevegar som utgjere egne adresseparsellar heilt til Barsnes. Herifrå held vegen fram vidare innover langs Barsnesfjorden så langt vegen går. Frå tidlegare adressering i Sogndal kan det finnast nokre få eksempel der samanhengande veg er oppdelt med fleire vegnamn. Dette er adresseringsmessig ein ulogisk og uheldig praksis som er forvirrande for eksterne brukarar. Adresseringa no skal fylgje ny kommunal vedtekt av 14.11.2013, der det er ynskjeleg å unngå oppdeling av samanhengande vegparsellar. Adressemyndigheita har difor ikkje funne grunnlag for å endre på inndelinga av adresseparsell 15010 vegen til Barsnes.

Til punkt 3: Vegparsell frå Byggsenteret XL-bygg og sørover til husa aust for riksvegen er av adressemyndigheita tidlegare vurdert som eigen adresseparsell. Jf. adresseforskrifta §8.3b skal sideveg til overordna veg vere minst 200m og ha minst 10 adresseiningar for å utgjere eigen adresseparsell. Vegen har for få adresseiningar til å oppfylle desse krava.

INNSPEL NR. 8:

Frå : Elise Barsnes og Jon Arne Hatlevoll, Jens og Liv Anny Barsnes, Jarle og Gerd Barsnes, Oddny Anita Barsnes, Steinar og Anne Karin Barsnes, Olav Arild Barsnes og Vigdis Vigdal Barsnes, Bjarne Barsnes og Turid Tveit.

Gjeld : 15010 BARINGAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Oppfattar namnet som støytande då namneframlegget kan oppfattast som eit «klengenamn» på dei som bur på Barsnes.
2. Ynskjer adressenamn Barsnes
3. Ynskjer Sauranevegen

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til 1: Jf. adresseforskrifta §7.4 skal eit adressenamn ikkje virke støytande eller komisk. Om brukarane oppfattar det slik vil namnenemnda unngå det. Til 2: Barsnes er namn på sjølve neset medan adresseparsellen skal adressere eit større område. Namnenemnda endrar difor sitt framlegg til namn på adresseparsell 15010 til BARSNESVEGEN.

Til 3: Vegen til Saurane tilfredstiller ikkje adresseforskrifta sine vilkår for å utgjere ein eigen adresseparsell, men sidan det finst adresseverdige fritidsbustad i området er det ynskjeleg at denne får adresse. Det let seg gjere ved å knyte den til Barsnesvegen.

INNSPEL NR. 9:

Frå : Svein Ølnes og Martha Kari Schawllann

Gjeld : 15010 BARINGAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Oppfattar namneforslaget som ikkje lokalisierende og at det ikkje byggjer på lokal namnetradisjon jf. adresseforskrifta § 7.3. Meinar Barsnesvegen vil vere eit meir dekkande namneforslag.
2. «Baring» er personbetegnelse som dels har vore oppfatta som utnamn.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sin uttale til punkta 1 og 2 i kommentar nr 8.

INNSPEL NR. 10:

Frå : Gunnvor og Gunnar Ølnes

Gjeld : 15010 BARINGAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Kjenner ikkje til at Baringavegen har vore brukt som namn på vegen i ein alder av 84 og 90 år. 2. Barsnesvegen vil vere eit meir dekkande namneforslag.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sin uttale til punkt 2 i kommentar nr 8.

INNSPEL NR. 11:

Frå : Leif Arne Nordheim

Gjeld : 13620 HAUSAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Vegen fører til Eggjagrendi og bør heite Eggjavegen.
2. Meiner at «bør» i adressefoskrifta §7.8 ikkje treng bety skal og at vegen likevel bør
heite Eggjavegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Meinar vegen bør heite Eggjavegen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sin uttale og grunngjevinga for det til kommentar nr 1 vedkomande gatekode 13620 Hausavegen. Namneframlegget frå namnenemnda for adresseparsell 13620 Hausavegen er endra til 13620 EGGJAGRENDI.

INNSPEL NR. 12:

Frå : Randi Iren Loftesnes Per Idar Rygg, Kari Rygg, Kåre Eggum, Olaug Eggum, Karoline Eggum Lerum
Ole Jørgen Lerum, Grethe Eggum Lerum, Kristoffer Eggum Lerum, Ingar Hillestad, Anne Jorunn
Linde
og Johannes Hillestad

Gjeld : 13620 HAUSAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Vegen fører til Eggja og har alltid heitt Eggjavegen.
2. Forslag til vegnamn : Eggjavegen, Eggja, Eggum, Eggjagrendi

Stadnamntenesta sin kommentar: Meinar vegen bør heite Eggjavegen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser her til sin uttale og grunngjevinga for det til kommentar nr 1 vedkomande gatekode 13620 Hausavegen. Namneframlegget frå namnenemnda for adresseparsell 13620 Hausavegen er endra til 13620 EGGJAGRENDI.

INNSPEL NR. 13:

Frå : Jostein Kvåle

Gjeld : 13700 KVÅLE

Forslag frå brukar: Ynskjer nytte gardsnamnet «Njøsagarden» som adrestilleggsnamn til vegnamnet
Kvåle

Stadnamntenesta sin kommentar: Tilrådeleg vegnamn om vegen er hovudveg på garden

Namnenemnda sin kommentar: Tildeling av adrestilleggsnamn skjer etter at vegnamn er bestemt.

INNSPEL NR. 14 :

Frå : Ingunn Skeide

Gjeld : 13130 SKEIE

Forslag frå brukar: Meinar at Skeide er rett skrivemåte både som gardsnamn og slektsnamn og har forslag om at vegnamnet også bør ver Skeide.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Skeie er einaste registrerte skrivmåte for namnet i SSR (Sentralt Stadnamn Register). Namnenemnda held fast på sitt framlegg 13130 SKEIE.

INNSPEL NR. 15:

Frå : Audun Olav Eidsnes

Gjeld : 13070 FJORDVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Fjordevegen for anonymt, Fjærlandsfjord(vegen) bør brukast.
2. Parsellen bør delast i fleire mindre parsellar for å skape meir identitet.

Stadnamntenesta sin kommentar: Tilrår Fjærlandsfjordvegen.

Namnenemnda sin kommentar: Til 1: Namnenemnda viser til sin kommentar i uttale nr 1 vedkomande gatekode 13070 Fjordvegen. Namnenemnda endrar sitt namneframlegg på adresseparsellen til 13070 FJÆRLANDSFJORDEN.

Til 2: Ved oppdeling i adresseparsellar har adressemyndigheita vektlagt å fylgje retningslinene i vedteken adresseforskrift for Sogndal kommune og då særleg retningslinene i §8. Dette er bakgrunnen for parselldeling.

INNSPEL NR. 16:

Frå : Leif Arne Nordheim (Tilnyting: ektefellen er fødd og oppvaksen i Jordal)

Gjeld : 13070 Fjordvegen

Forslag frå brukar: Fjordvegen for anonymt. Bør heite Fjærlandsfjordvegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Tiltrå Fjærlandsfjordvegen.

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda viser til sin kommentar i uttale nr 1 vedkomande gatekode 13070 Fjordvegen. Namnenemnda endrar sitt namneframlegg på adresseparsellen til 13070 FJÆRLANDSFJORDEN.

INNSPEL NR. 17:

Frå : Fjærland Bygdalag v/Ingunn Skeide

Gjeld : 13010 STØLAHOLMEN, 13040 VÅTEVIKSVEGEN, 13070 FJORDVEGEN OG 13130 SKEIE

Forslag frå brukar: 1: Stølaholmen bør heite Stølaholmvegen og adresseparsellen bør strekkje seg frå planlagt nytt vegkryss nedanfor Stølabøen industrifelt til nausta i Stølaholmen.

2. Adresseparsellen for Våteviksvegen bør strekkje seg frå Skarestad bru til nytt planlagt vegkryss ved Stølabøen industrifelt. Meiner vedteken reguleringsplan bør leggest til grunn for adresseparselldeling.

3. Namnenemnda sitt framlegg om Skeie bør endrast til Skeide då denne skrivemåten av namnet vert nytta på gardane, i etternamna til brukarane og på grenda.

Stadnamntenesta sin kommentar: 1. Har på 13010 tilrådd Holmahaugvegen eller Stølavikvegen.

2. Har på 13040 tilrådd Våteviksvegen

3. Har på 13070 tilrådd Fjærlandsfjordvegen

Namnenemnda sin kommentar: Til 1: Adressemyndigheita er kjend med reguleringsplan for ny bru over Fjærlandselva og nytt vegkryss ved Stølabøen idustrifelt. Tidsperspektivet for realisering av reguleringsplanen er høgst usikkert. Adresseparselldeling ut frå reguleringsplanen no, vil skape utydeleg adressering fram til ny bru evt. blir bygd. Adressemyndigheita held difor fast på den fastlagde adresseparselldeling inntil realisering av reguleringsplanen vert gjennomført. Realisering av reguleringsplanen vil medføre omlegging av adresseparsellane og omadressering.

Namnenemnda oppfatar at Stølaholmen er nytta som fellesnamn på busetnaden nordaust for Holmahaugtunellen. Namnenemnda held difor fast på sitt opprinneleg framlegg på parsellen 13010 STØLAHOLMEN.

Til 2: Adressemyndigheita held fast på føreslegen parselldeling for parsell 13040. Grunngeving for det er forklart i Til 1: ovanfor. I tillegg til innspel frå Stadnamntenesta har innspel frå brukarane i området også påpeika at skrivemåten er Våtevik. Namnenemnda endrar sitt framlegg til namn på adresseparsell 13040 til VÅTEVIKSVEGEN

Til 3: Fjærlandsfjordvegen vart vurdert av namnenemnda, men forkasta som for langt og tungt i bruk. Fjordvegen skulle vere i lettare utgåve, men er noko anonymiserande. Etersom adresseparsellen heile vegen fylgjer Fjærlandsfjorden, går namnenemnda inn for å endre framlegget sitt namn på adresseparsellen 13070 til FJÆRLANDSFJORDEN

INNSPEL NR. 18:

Frå : Tone Berge

Gjeld : 13030 SUPHELLEVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Ynskjer eigen adresseparsell for nytt bustadfelt på Skarestad som bør heite Geithaug.

2. Meinar at adresseparsell 13030 Suphelledalen bør startar ved Våteviksvegen .

3. Meiner et bør innførast ny adresseparsell frå Skeisbrua til krysset med

Våteviksvegen

som bør få namnet Skarestad

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til 1: Det ligg ikkje føre detaljert reguleringsplan for utbygginga som skal skje på Skarestad(Geithaug). Vegsystem er såleis ikkje klarlagt og ein har ikkje grunnlag for å føreta oppdeling av adresseparsellar. Det eine huset som er oppført etter dispensasjon frå krav om reguleringsplan får difor inntil vidare adresse til Supphellevegen og vert vurdert omadressert når reguleringsplan ligg føre.

Til 2: Det er adressemyndigheita som har ansvar for at adresseparsellar vert oppretta i samsvar med adresseforskrift vedteken av kommunestyret. Ein samanhengande veg skal jf. adresseforskrifta §8.1 og 2 normalt ha eitt vegnamn for heile vegstrekninga, frå der den tek av frå overordna veg. Vegen til Supphelledalen er samanhengande frå Fjærlandsvegen til Supphelledalen og utgjer såleis ein

Til 3: Føreslegen adresseparsell har for få adresseiningar til å kunne utgjere ein eigen adresseparsell, jf. adressevedtekta § 8.3. Namnenemnda viser elles til sin kommentar til punkt 2 ovanfor.

INNSPEL NR. 19 :

Frå : Hanne Haugen og Torgeir Mundal

Gjeld : 13010 STØLAHOLMEN og 13040 VÅTEVIKSVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Framlegg om Stølavegen eller Stølaholmsvegen på parsell 13010.

2. Adresseparselldelinga mellom 13010 og 13040 bør tilpassast framtidig

vegsituasjon

når ny bru er bygd over Fjærlandselva til industrifeltet på Stølabøen.

Stadnamntenesta sin kommentar: 1. Har på 13010 tilrådd Holmahaugvegen eller Stølavikvegen.

2. Har på 13040 tilrådd Våtviksvegen

Namnenemnda sin kommentar: Til forslag nr 1: Namnenemnda oppfatar at Stølaholmen er nytta som fellesnamn på busetnaden nordaust for Holmahaugtunellen. Namnenemnda held difor fast på sitt opprinneleg framlegg på parsellen 13010 STØLAHOLMEN.

Til forslag nr 2: Adressemyndigheita er kjend med reguleringsplan for ny bru over Fjærlandselva og nytt vegkryss ved Stølabøen idustriefelt. Tidsperspektivet for realisering av reguleringsplanen er høgst usikkert. Adresseparselldeling ut frå reguleringsplanen no, vil skape utydeleg adressering fram til ny bru evt. blir bygd. Adressemyndigheita held difor fast på den fastlagde adresseparselldelinga inntil realisering av reguleringsplanen vert gjennomført. Realisering av reguleringsplanen vil medføre omlegging av adresseparsellane og om adressering. I tillegg til innspel frå Stadnamntenesta har innspel frå brukarane i området også påpeika at skrivemåten er Våtvik. Namnenemnda endrar sitt framlegg til namn på adresseparsell 13040 til VÅTVIKSVEGEN

INNSPEL NR. 20 :

Frå : Nils Vegard Kvam og Stine Jannike Thue, Anne Karin Hamre og Tor Yttri, Ove Andre Hundere, Gerd Kari og Normann Nes, Cecilie og Olav Kvam

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Tykkjer namnet Lustravegen er framandt og utan lokal tilknytning til Barsnesfjorden.

2. Ynskjer ny adresseparsell for 5 hus med direkte sideveg frå riksvegen Sogndal-Luster. Forslag til namn på parsellen er Kvamsneset

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til forslag 1: Ved oppstart av adresseprosjektet var det kontakt mellom adressemyndigheitene i nabokommunane som har felles vegsamband for avklaring av interesse og mogelegheiter for eit samarbeid om adressering av felles gjennomgangsvegar. Leikanger har teke i bruk Sognefjordvegen, men har stigande husnummer mot vest. D.v.s. Leikanger måtte ha om nummerert alle sine adresser i Sognefjordvegen om namnet skulle brukast vidare innover mot Sogndal. Det har ikkje vore tema.

Jølster ville ha eige vegnamn fram til Fjærlandstunnellen på Lundesida, då tunnellen og fjellpartiet er eit markert skilje.

Lom kommune har adressert Sognefjellsvegen fram til kommunegrensa med Luster. Luster har valt å vidareføre vegnamnet Sognefjellsvegen frå kommunegrensa med Lom til Fortun. Luster har uttrykt ynskje

om å samarbeide med Sogndal om eit felles vegnamn på heile strekninga Sogndal – Fortun. Etersom Luster og Sogndal er same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse, vil eit felles vegnamn på strekninga Sogndal – Fortun nummerert etter avstandsprisippet gje eit svært einsarta og oversiktleg adresssystem som vil vere lett å orientere seg etter på heile vegstrekninga, enten det er utrykningsetatar eller andre som har behov for å orientere seg etter gateadresser. Om lag 85 % av adresseparsellen ligg i Luster kommune. Namnenemnda sitt framlegg om Lustravegen er eit namn som namnenemndene i begge kommunane finn å kunne gje si tilslutning til og som fortel kvar veggen går og endar. Under føresetnad av at Luster kommune også gjer endeleg vedtak om bruk av Lustravegen på vegstrekninga frå kommunegrensa med Sogndal til Fortun, held namnenemnda fast på sitt framlegg om vegnamnet LUSTRAVEGEN på adresseparsell 14000. Skulle endeleg vedtak i Luster kommune, av uventa årsak, få anna utfall enn Lustravegen, tek namnenemnda atterhald om å komme attende med ei revidert tilråding på denne parsellen.

Til forslag 2: Nemnde parsell føreslegen med vegnamn Kvamsneset, er ein sideveg til ein overordna veg og er av adressemyndigheita tidlegare gjort vurdering av som eigen adresseparsell. Jf. adresseforskrifta §8.3b skal ein sideveg til overordna veg som er lenger enn 200m ha minst 10 adresseeiningar for å utgjere eigen adresseparsell. Vegen har for få adresseeiningar og fyller ikkje forskriftskrava for å kunne opprettast som eigen adresseparsell.

INNSPEL NR. 21 :

Frå : Norunn England

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Identifiserer seg ikkje med Lustravegen og ynskjer primært namnet Årøyvegen.
2. Om fellesnamn på parsellen til Luster er naudsynt så er framlegget

Sognefjellsvegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til punkt 1: Sjå namnenemnda si forklaring til punkt 1 i kommentar nr 20 ovanfor.

Til punkt 2: Sognefjellsvegen er i bruk i Lom kommune og Luster kommune har frå eit adressemessig synspunkt avgrensa parsellen til Fortun. Ei ytterlegar vidareføring av Sognefjellsvegen gjennom heile Luster og slik at den eventuelt også kan vidareførast til Sogndal, ligg det ikkje til Sogndal kommune å ta avgjerd om. Ut frå gjeldande adresseparselldeling i Luster kommune kan Sognefjellsvegen ikkje nyttast i Sogndal jf. adresseforskrifta § 7.8. Namnenemnda held fast på sitt namneframlegg om LUSTRAVEGEN for adresseparsell 14000.

INNSPEL NR. 22 :

Frå : Marit Ølnes

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Høyrrer ikkje til Luster så Lustravegen blir heilt feil.
2. Gjer framlegg om Årøyvegen frå Nestangen til grensa mot Hafslø

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Til punkt 1 og 2: Sjå namnenemnda si forklaring til punkt 1 i kommentar nr 20 ovanfor.

INNSPEL NR. 23 :

Frå : Kvam og Ølnes Grendalag v/leiar Ingolf Yttri

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 1. Lustravegen blir feil – ynskjer primært Årøyvegen frå Loftesnesbrua til Stupshølen.
2. Om parsellen må gå til Fortun er innsendar sitt namneframlegg Sognefjordvegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen.

Namnenemnda sin kommentar: Til punkt 1: Sjå namnenemnda si forklaring til punkt 1 i kommentar nr 20 ovanfor. Til punkt 2: Sognefjordvegen er i bruk på Leikanger. Eventuell vidareføring av Sognefjordvegen gjennom Sogndal og Luster til Fortun føreset full omadressering av vegen i Leikanger kommune, samt aksept frå Luster kommune. Dette er nok tilhøve som ikkje ligg til Sogndal kommune å ta avgjerd om. I tillegg inneber framlegget også arbeidskrevjande omadresseringar i Sogndal sentrum for å få til ein samanhengande adresseparsell frå Leikanger til Fortun. Ut frå dette kan Sognefjordvegen ikkje nyttast på

INNSPEL NR. 24 :

Frå : Anja-Therese Fardal

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 3 hus i «Skreao» i Kvam har eiga avkøyrsl. Ynskjer eige vegnamn: Skreavegen

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Jf. kommunal adresseforskrift §8.3a er vegparsellen kortare enn 200 m og er ein sideveg til overordna veg (riksvegen) med færre enn 20 adresseeiningar. Parsellen tilfredstiller såleis ikkje forskriftskrava for å utgjere ein eigen adresseparsell.

INNSPEL NR. 25:

Frå : Per Magne Sviggum

Gjeld : 14000 LUSTRAVEGEN

Forslag frå brukar: 2 eigedomar med direkte avkøyrsl frå vegen til Luster ynskje å bli adressert til gatkode

14030 Kvamsviki

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Ein eigedom skal adresserast til vegen den har sin hovedtilkomst frå. Dei to aktuelle eigedomane har felles avkøyrsl direkte frå overordna veg. Jf. kommunal adresseforskrift §8.3a er vegparsellen kortare enn 200 m og er ein sideveg til overordna veg (riksvegen) med færre enn 20 adresseeiningar. Parsellen tilfredstiller såleis ikkje forskriftskrava for å utgjere ein eigen adresseparsell.

INNSPEL NR. 26 :

Frå : Audun Slinde, Jon Midtun og Wenche Hove Midtun, Berit Elverheim og Johan Petter Ahlin, Gjertud og Steinar Slinde, Lars Eskestrand, Jorunn Merete og Kjell Ove Haukås Eide, Gjertrud Fimreite, Magne og Gerd Marie Ahlin, Arne S. Ahlin og Wibecke Vikøren, Erling og Åse Henjesand, Olaug Henjesand Krogh og Konrad Krogh, Kjellborg og Johannes Henjesand, Signe Slinde, Ellen Njøs Slinde, Voichita Petruta Slinde, Ragnhild Sandnes, Waldemar Meier, Anita Moen Slinde og Geir Helge Slinde, Kirsten Fimreite, Jomar Slinde.

Gjeld : 16000 NORAVEGEN og 16040 INDRE SLINDE

Forslag frå brukar: 1. Ynskjer Slinde som adressenamn for heile området frå Krokaelvi til Fatlaberget.
2. Noravegen er ikkje lokalt stadnamn og er nytt og ukjent.
3. Framlegget frå namnenemnda medfører at mange som oppfattar at dei høyrer til Slinde finn det ulogisk at dei får adresse til Noravegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen kommentar til Noravegen, men meiner Slinde bør skrivast Slinda

Namnenemnda sin kommentar: Til punkt 1: Dersom eit område *ikkje* har eit klart definert vegsystem, kan det tildelast områdeadresse jf. adresseforskrifta §5 3.ledd og §8.4. På Slinde *er* det eit klart definert vegsystem som ved adressering skal delast opp i adresseparsellar etter reglane i adressevedtekta §8. Bruk av områdeadresse med Slinde som namn i dette området er difor vedtektsstridig. Adressemyndigheita i kommunen har ansvar for at oppretting av adresseparsellar skjer i samsvar med adresseforskrift vedteken av kommunestyret. Ein samanhengande veg jf. adresseforskrifta §8.1 og 2 skal normalt ha eitt vegnamn for heile vegstrekninga. Vegen frå Sogndal til Leikanger er ein samanhengande veg som namnenemnda meiner skal ha eitt namn. Dette fordi ein samanhengande adresseparsell frå Sogndal sentrum til kommunegrensa med Leikanger i kombinasjon med avstandsadressering frå sentrum og utover vil gje eit eintydig og oversiktleg adressesystem som vil vere lett å orientere seg etter både for naudetat og andre som treng orientere seg på grunnlag av gateadresser.

Til punkt 2 og 3: Vegnamnet bør kunne identifisere heile strekninga. Høyringsrunden har innspel både for og imot Noravegen, men namnenemnda ser at det kan vere noko anonymt. I høyringsrunden har kome framlegg om Norafjordvegen. Namnenemnda finn at dette framlegget er meir dekkande og lokalisierende for heile vegstrekninga frå Stedjeberget til Fiksnes og endrar sit framlegg til vegnamn for adresseparsell 16000 til NORAFJORDVEGEN.

INNSPEL NR. 27 :

Frå : Anders Slinde

Gjeld : 16000 NORAVEGEN

Forslag frå brukar : Stor motstand mot Noravegen, føresler endring til Sogndalsfjordvegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Jf. namnenemnda sin uttale til punkt 2 og 3 i kommentar nr 26.

Namnenemnda held fast på sitt nye namneframlegg til adresseparsell 16000 NORAFJORDVEGEN.

INNSPEL NR. 28 :

Frå : Geir Lyngaas

Gjeld : 16000 NORAVEGEN

Forslag frå brukar: Meinar Norafjordvegen er meir lokalisierende enn NORAVEGEN.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Namnenemnda er samd med innsendar og endrar sitt framlegg til vegnamn på adresseparsell 16000 til NORAFJORDVEGEN. Viser også til namnenemnda sine utalar til d.s. i kommentarane 26 og 27 ovanfor.

INNSPEL NR. 29 :

Frå : Ivar Slinde

Gjeld : 16040 INDRE SLINDE

Forslag frå brukar: Meinar parsellen har for stort omfang. Ei grein av parsellutforminga tek med seg hus som ligg på Ytre Slinde og som har sin tilkomst frå Riksvegen.

Adresseparsellen

er dels innteikna på «gamlevegen» ein landbruksveg som ikkje er i bruk som tilkomstveg til husa.

Stadnamntenesta sin kommentar: Meiner Indre Slinde bør skrivast Indre Slinda.

Namnenemnda sin kommentar: Namnemyndigheita i kommunen har fått seg førelagt spørsmålet om parsellutforminga på grunnlag av opplysningane frå Ivar Slinde, og har på dette grunnlag vedteke å endre parsellutforminga slik at den del av «Gamlevegen» som ikkje er i bruk som tilkomstveg vert teken ut av adresseparsell 16040.

Namnenemnda **Namnenemnda sin kommentar:**

Parsellen 16040 ligg i delet mellom Indre og Ytre Slinde, men sidan det ikkje er nokon parsell som heiter Ytre Slinde endrar namnenemnda sitt framlegget til namn på parsellen til Slinde. Namnenemnda registrerer stadnamntenesta si tilråding om bruk av Slinda, men held fast på at Slinde er allment brukt, Slinde er poststadnamnet, og at ingen av brukarane i området har sett fram ynskje om Slinda som skrivemåte for namnet. Namnenemnda sitt endringsframlegg for adresseparsell 16040 er SLINDE.

INNSPEL NR. 30 :

Frå : Roar Sandnes

Gjeld : 16040 INDRE SLINDE

Forslag frå brukar: Feil i parselldeling j.f. kommentar nr. 29 ovanfor. Noravegen er greitt.

Stadnamntenesta sin kommentar: Føresler Indre Slinda

Namnenemnda sin kommentar: Viser til sin uttale til kommentar 29 ovanfor.

INNSPEL NR. 31 :**Frå : Nils Slinde****Gjeld :** 16090 NORNES**Forslag frå brukar:** Ynskjer at vegarmen som går vestover frå fyrste svingen av vegen ned til Nornes skal vere eigen adresseparsell og ha vegnamnet Malinaneset.**Stadnamntenesta sin kommentar:** Ingen**Namnenemnda sin kommentar:** Adresseparselldelinga er gjort av adressemyndigheita etter reglane i adresseforskrift for Sogndal Kommune § 3.b. Sideveg med lengde over 200 m må ha minst 10 adresseeiningar for å kunne opprettast som eigen adresseparsell. Ynskte adresseparsell er difor i strid med forskrifta og kan ikkje opprettast.**INNSPEL NR. 32 :****Frå : Ingunn Marie Myren****Gjeld :** 16050 NORNESHAUGANE og 16060 VINDHAUG**Forslag frå brukar:** 1. Norneshaugane er korrekt namn på korrekt stad.2. Vindhaug ukjent namn på staden – finst ein annan stad i bygda. Forslag -
Nornesmarki**Stadnamntenesta sin kommentar:** Meinat Vidhaug bør heite Vindhaugvegen.**Namnenemnda sin kommentar:** Til punkt nr 2: Namnenemnda har registrert motstand mot namnet Vindhaug i fleire kommentarar. Namnenemnda er gjort kjend med at vegen vestover i Nornesmarki vart etablert ved jordskifte i 1924-26 under namnet Skårsvegen og at dette blant brukarane har vore brukt på vegen sidan. Namnenemnda endrar difor si tilråding til adressenamn på adresseparsellen til 16060 SKÅRSVEGEN.**INNSPEL NR. 33 :****Frå : Jostein Fondenes****Gjeld :** 16050 NORNESHAUGANE, 16060 VINDHAUG, 16070 GJERDEBAKKEN, 16090 NORNES**Forslag frå brukar:** 1. Norneshaugane er rett namn på rett plass.
2. Vindhaug er feil namn på vegen, heiter Skårsvegen jf. jordskiftesak frå 1924-26.
3. Gjerdebakken er ukjent namn. Stølsvegen er brukt i daglegtale og skriv seg også frå jordskiftesaka frå 1924-26.
4. Nornes er rett namn på rett stad.**Stadnamntenesta sin kommentar:** Føresler Gjerdebakken endra til Johansgardvegen
Føresler Vindhaug endra til Vindhaugvegen**Namnenemnda sin kommentar:** 1. Er uendra 2. Er teken til fylgje og endra til 16060 SKÅRSVEGEN, j.f. namnenemnda sin uttale til kommentar nr. 32. ovanfor . 3. Namnenemnda endrar sit namneframlegg til 16070 STØLSVEGEN. 4. Er uendra.**INNSPEL NR. 34 :****Frå : Gunn Haugen og Jens Øyrehagen****Gjeld :** 16120 ØVSTEDALSVEGEN og 16130 ØYRAGRENDI**Forslag frå brukar:** 1. Meinat med tilvising til lokal historiske bøker og bygdebøker at Fardalsvegen er rette

- namnet på vegen opp dalføret. Øvstedal er ikkje lokalt stadnamn/gardsnamn.
2. Vegen frå Bekkedal til Skardsbø bør heite Skardsbøvegen fordi den gamle ferdavegen gjekk over Skardet til Sogndal

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen**Namnenemnda sin kommentar:** Til punkt 1: Øvstedal var eige gardsbruk frå 1567 til 1666 j.f. bygdeboka til Per Sandal side 287 og 427. Øvstedal har såleis etter namnenemnda si oppfatning ei lokal tilknytning som

stadnamn eg har vore allment nytta som nemning på dalføret og vegen. Namnenemnda held difor fast på sitt framlegg om namn på parsell 16120 ØVSTEDALSVEGEN.

Til punkt 2: Det er den namnenemnda si bestemte oppfatning at vegnamnet Øyrarendi er dekkande for heile strekninga frå Alpen til Skardsbø og namnenemnda finn difor heller ikkje grunn til å endre på sitt namneframlegg for 16130 ØYRAGRENDI.

INNSPEL NR. 35 :

Frå : Øyvind Nondal

Gjeld : 16000 NORAVEGEN

Forslag frå brukar: Likar ikkje namnet Noravegen,. Gjer framlegg om Nørevegen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen

Namnenemnda sin kommentar: Framlegget Nørevegen vil knyte vegnamnet til personane som bur i vegen og ikkje til staden dei bur på. Namnenemnda finn ein slik praksis uheldig og held fast på sitt siste framlegg til vegnamn på adresseparsell 16000 NORAFJORDVEGEN.

INNSPEL NR. 36 :

Frå : Øystein Ruud

Gjeld : 15160 BREISETEVEGEN

Forslag frå brukar : Meinar det blir feil å nytte namnet på ein støl (Breisete) som ligg ca 6 km til fjells som namn på vegen gjennom bustadområdet nede i bygda, når vege ikkje er open for

allmenn ferdsel lenger enn til Goro (ca 2,5 km frå busetnaden).

1. Føresler vegnamnet Gorovegen opp til Goro.
2. Føresler alternativt at vegen kan heite Øvste Skogen.

Stadnamntenesta sin kommentar: Ingen.

Namnenemnda sin kommentar: Til 1: Dette framlegget føreset at adresseparsellen ver endra og avslutta ved Goro. Dette er spørsmål som ligg utanfor namnenemnda sitt ansvarsområde og som adressemyndigheita må ta stilling til. Namnenemnda kan difor ikkje tilrå dette vegnamnet Til 2: Øvste Skogen er meir allment dekkande namn for heile området som ligg høgare enn Skogavegen. Området er i hovudsak skogkledd heilt til Breisete, slik at namnet kan brukast på adresseparsellen slik den er, men namnenemnda tek spørsmålet om eventuell avgrensing av adresseparsellen opp med adressemyndigheita. Namnenemnda endrar på denne bakgrunn sitt framlegg til namn på denne adresseparsellen til 15160 ØVSTE SKOGEN.

Eirik Røysi
avdelingsingeniør

Vedlegg:

Kopi til: